

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet meiner det er positivt med ei standardisering og klårgjering av samfunnsoppdrag og rolle til kompetansesenter. Det er behov for å byggje bru mellom forskning og praksis, og behov for miljø som kan formidle kunnskap mellom forskning og praksis, og som kan leggje til rette for samordning, tverrsektorielt samarbeid og nettverksbygging.
2. Fylkesrådmannen er kritisk til det store omfanget av kompetansesenter innan områda til Helsedepartementet og Barne-, inkluderings- og likestillingdepartementet. Strukturen av kompetansesenter står fram som dels fragmentert og dels er funksjonane overlappende, og er og dels overlappende med fylkeskommunen sitt samfunnsoppdrag. Dette vanskeleggjer samarbeid med kommunar og andre aktørar. Det bør vurderast å slå saman kompetansesenter, og å knyte dei nærare til sentrale helsestyresmakter som Statens institutt for folkehelse.
3. Fylkesutvalet meiner det kan vere naturleg å regionalisere fleire kompetansesenter slik at det kan vere større nærleik til brukarmiljø. Dette bør utgreiast vidare.
4. Fylkesutvalet stiller spørsmål ved at kompetansesenter sjølv skal bidra til forskning og grunnutdanning, og meiner at oppgåvene bør bli reindyrka til kunnskapsformidling, nettverksbygging og tverrsektorielt samarbeid.